



Eldre og nyare naust i Uskedalen. No blir det vedteke klårare grenser mellom naust og fritidshus i Kvinnherad. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Onsdag skal forvaltningskomiteen handsama dei reviderte retningslinene for bygging i strandsona i Kvinnherad. Dei skal leggjast til grunn for handsaming av enkeltsaker og reguleringsplanar og også innarbeidast i kommunedelplanane.**

Saka har vore aktuell lenge, men utgangspunktet no er ei sak som forvaltningskomiteen hadde oppe i november i fjor og som galdt påstått ulovleg bruksendring av naust til fritidshus. Etter synfaring vedtok politikarane utsetjing og bad administrasjonen om å vurdera kva kriterier som skal leggjast til grunn for å skilja mellom naust og fritidshus. I april slutta politikarane seg til eit notat som administrasjonen hadde utarbeidd.

Miljøvernavdelinga hos fylkesmannen la i 1905 ned motsegn i handsaminga av kommunedelplanen for Halsnøyområdet fordi føresegnene ikkje var tydelege med omsyn på storleiken på naust.

Motsegna vart begrunna med at det var ei uheldig utvikling i Kvinnherad fordi stadig fleire store naust vart søkt omdisponert til hytter. Det vart vist til at fylkesmannen og fylkeskommunen arbeidde med retningsliner for forvaltning av strandsona.

I mars i år godkjende fylkesmannen og fylkesordføraren retningsliner om planlegging og forvaltning av strandsona i Hordsaland og forslaget til dei kommunale retningslinene som no vert lagt fram i vår kommune er tilpassa dei regionale.

Dette er dei viktigaste endringane som no skjer:

- Det er tilrådd eit maksimalt areal på 40 kvadratmeter, maksimal mønehøgde på 5,5 meter og maksimal vindusflate på tre prosent av golvarealet.
- Det vert godkjent inndeling av rom til WC/enkel dusj, gang/trapperom og boder og 75 prosent av naustdelen skal vera utan faste installasjonar.
- Det er poengtert at uteområda skal vera utan fysiske og psykiske hinder med omsyn på allemannsretter.

Av Ola Matti Mathisen